

Møtereftrat

Møte: Tlf møte AU Nord
Tid/Sted: Fredag 17.01.20 kl 09.30 – kl 12.00.
Tilstede: Svein Slåtsveen, Bjørn-Arne Skoglund, Bente Børsheim, Tone Rubach, Ragnhild Engan, Fred Tore Fagereng, Merethe Sund og Svein Inge Jakobsen
Forfall:
Kopi til: Vara AU, leiargruppe Medlem region Nord og Tor Olav Brandtzæg
Referent: Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 17.01.2020

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	Orientering frå styremøtet 15.01 Merethe orienterte om at styret deltok på Mat og Landbruk dagen før. Resultat for 2019 er ikkje heilt klart enno. Inntransportprosjektet. Noridane og Norilia. Vekst i kylling og egg, litt tilbakegang på pølser, problem med råvare på kalkun. Generelt julesalet +4,6 i volum i forhold til 2018. Kjedeforhandlingane landa med alle tre kjedene. Leveringsprestasjon mot kjedene betra i 2019. Svinnet redusert med 50 mill frå 2018 til 2019 (32%). NOVA: SAP innførast på Revetal og Tønsberg i februar. Bioco: Hydrolysefabrikk på Hærland med FK, jobbar med godkjenning for humanmarknad, noko overskride budsjett. PROFF: Klart målet om volumvekst og auka omsetning for 2019. Otta-anlegget: Mykje støy. Leiinga har hatt møte med Ap og Sp. Jobbast med alternativ aktivitet. Evaluering av utgreiingsarbeidet. Kalkunløftet og utfasing av monensin i føret: Jobbar med førutvikling. Totalmarknad: Prognose lagt fram etter styremøtet. Underdekning på storfe og gris. Sau og lam: Fortsatt utfordringar. Egg: Overskot. <u>Spørsmål/kommentarar:</u> <ul style="list-style-type: none">• Mange varer finnast ikkje i butikk i Finnmark. Må ta høgde/buffer i forhold til bestillingar frå kjedene, og produsere ekstra. Vi får skulda når kjedene prognoserer lågare enn det dei faktisk bestiller. Kan vi tillitsvalde imøtegå dette?• Otta-anlegget: Kor mykje info sit kretsleiar i området på, som kan kome ut vedk ny aktivitet?• Kor stort volum storfe vert slakta på Otta?	
2	Orientering frå Medlem og Drift region Nord Svein Inge orienterte om SAP: Innført 1. desember i Karasjok og Målselv, gjekk veldig bra. 1. mars skal Bjerka på. Harstad har vore på eit par månader. Spenning rundt Tønsberg 1. februar, særleg på ekspedering. Tilførsel: Pr veke 46 på storfe slakta 101 færre storfe i region Nord. Større nedgang for Horn. Gris: 5 700 færre gris pga sanering for MRSA, også reduksjon hos Horn. Sau/lam: ca 15 000 færre i region Nord, også hos Horn. <u>Spørsmål/kommentarar:</u> <ul style="list-style-type: none">• Er endra avtaleperiode for storfe trådd i kraft no frå årsskiftet?• Mange fornøgde med 5 vekers innmelding innført på nytt, men også mange som ynskjer at 7-vekera skulle ha vore i tillegg.• Kor stor andel av reduksjonen i tilførsel av gris skuldast utkjøp av purker?• Utkjøp av kvoter: Er det gjort vurderingar av kva som skjer med storfekjøtproduksjonen på dei bruka? Kan tillitsvalde bidra med kartlegging?	

- Foredling i Målselv: Endring i volum?
- Endra rutiner for nisje etter innføringa av SAP? Ynskjer at info vert utsendt dersom endringar.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

3 Møteplan 2020

Forslag var utsendt.

Innspel/kommentarar:

- Tlf møte 24.04 utsett til 27.04
- Fortsatt ope om det skal vere tlf møte eller fysisk møte 26. mai.
- Fysisk møte 24. – 25.08: Karasjok? Gardsbesøk? Gardermoen/Løren/Rudshøgda?

Vedtak: AU vedtek møteplanen for 2020. Brit Kari sender kalenderinnkallingar.

Brit Kari

4 Førebuing av kretsmøta

Brit Kari orienterte og stilte fylgjande spørsmål:

- Lokale saker og spørsmål: Kva må vi førebu oss på?
- Tlf møter med kretsleiarane i forkant?

Innspel/kommentarar:

- Avtaleinnmelding storfe, behalde 7-vekers avtale i tillegg til 5 vekers.
- Ny klassifiseringsmetode og -resultat på storfe.
- Økonomi og rullering av medlemskapitalkonto
- Nord-Norge trekket, Otta-anlegget og distriktsfiendtleighet
- Otta-anlegget og kva som skjer med landbruket generelt. Nå fram med info til forbrukar, både om Nortura og forbrukarvaner.
- Pris til bonde og sal/marknadsføring av sau og lam. Info om innmelding som ung sau.
- Tilgang på sau og lam i butikk gjennom året.
- Status Thulefjord, Polarlam og PålEgg.
- Medlemskjøp og retur i Finnmark. Omsetning av kalv frå mjølkebruk til framføring i Finnmark.
- Positivt med tlf møter med kretsleiarane før kretsmøta. Veke 5, evt 6. Brit Kari lagar forslag til møteplan. Bente kan 29.01. I utg punktet dagmøter.
- Sakliste: Innspel til kretsmøta, og kretsleiarane sine roller, arbeid, ansvarsområde.

Vedtak: Brit Kari jobbar vidare med førebuing til kretsmøta. AU vedtek å gjennomføre tlf møter med kretsleiarane i forkant av kretsmøta.

Brit Kari

5 Ny Giv i kretsarbeidet

Brit Kari ynskte innspel på kva kretsar skal vi jobbe med i 2020, basert på kretsaktivitet 2019. I 2019 har det vore jobba med:

- 6 Nord-Troms + 9 Kåfjord
- 11 Midt-Troms + 12 Astafjord

Innspel/kommentarar:

- Krets 5 Vest-Finnmark?
- I Sør-Helgeland krets skjer det mykje på biogass og andre fagmøter, mykje aktivitet i næringa.
- Tone vil fylgje opp ETS og Narvik/Ballangen. Ta opp spørsmålet i tlf møtet med kretsleiarane.

Vedtak: AU vedtek at spørsmål om deltaking i Ny Giv i kretsarbeidet vert stilt kretsleiarane i tlf møta.

AU

6 Representasjon på årsmøter

Representasjon vart fordelt slik:

- 21. – 22. februar: Troms Bonde- og småbrukarlag årsmøte, Tromsø. Invitasjon er sendt AU 13.01. - **Tone**
- 13. – 15. mars: Nordland Bonde- og småbrukarlag årsmøte, Bodø
- 17. – 18. mars: Troms Bondelag årsmøte, Tromsø – **Bjørn Arne eller Tone?**
- 18. mars: Nordland Bondelag årsmøte, Bodø – **Ragnhild + Merethe (dag 2)**
- 19. – 20. mars: Finnmark Bondelag årsmøte – **Svein**
- 5. februar: Finnmark Bonde- og småbrukarlag årsmøte, Alta

Spørsmål/kommentarar:

- Prioritere Bondelaget sine årsmøter. Stiller med to hattar der det er naturleg.
- Avventar invitasjon frå Troms Bondelag.

Vedtak: AU vedtek representasjon som vist ovanfor.

7 Orientering frå fagutvala og ansvarskretsane

Bjørn Arne orienterte frå fagutval egg. Har hatt orientering frå Kjell Rakkenes, med budskap om å ta makta over fakta. Daglegvaretilsyn. 17 produsentar har ikkje teikna avtale om omstilling enno, vert tett oppfølgt. Alle i region Nord er omstilt. Fôringssjorsjekt på næringsstoff i egg. Animalia har prosjekt på dyrevelferd på høns. Innspel til jordbruksforhandlingane på kostnad/dekning med innfrakt.

Ragnhild orienterte frå fagutval småfe, som har gjeve innspel til jordbruksforhandlingane: Bekymring for kraftig nedgang av sau hos store produsentar. Lager seier brems, men utvikling i antal sau og produsentar seier gass. Fokus på klima og beiting. Dyrevelferd. Storleik på kje til slakting.

Bente: Møte i fagutval gris med innspel til jordbruksforhandlingane. Behov for auke i målpris for å kompensere kostnadsvekst. Ny fordelingsnøkkel smågris og slaktegris. Jobbar med balanse mellom smågris og slaktegrismarknaden. MRSA i Nordland: Bondelaget jobbar mot Fylkesmannen i fht kompensasjon.

Tone: Tilbakemelding på nisse er usikkerheit knytt til overgangen til SAP, har etterspurt info.

Fred Tore orienterte frå fagutval storfe, som har gjeve innspel til jordbruksforhandlingane om endring av teljedatoar, samt økonomi. Prisløype er også diskutert.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

8 Innspel til sentral valkomité

Svein spurte om AU skal føreslå nokon som vara til styret etter Endre.

Innspel/kommentarar:

- Manglar nokon med god kompetanse på småfe i styret, som også ser heilheita.
- Bjørn Arne vart nemnt som aktuell kandidat.
- Brit Kari sender innspel, der det også vert poengtert at Merethe gjer ein god jobb.

Vedtak: Brit Kari oversender innspelet til sentral valkomité.

Brit Kari

9 Eventuelt

- Er innstillinga til RU valkomité klar? Brit Kari
- Kva skjer med Telespor? Og kven har overtatt styrevervet etter Endre? Brit Kari sjekkar. Brit Kari
- Kvifor er Nortura-logoen på vinterkjeledressen tatt bort? Brit Kari sjekkar. Brit Kari